

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/40	18/12092

Søknad om drosjeløyve - uttale

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Nordhordland Taxisentral SA har søkt om at det vert oppretta to nye reserveløyve. Drosjeløyve er behovsprøvde og talet på løyve vert fastsett politisk.

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune som løyvestyresmakt har sendt på høyring søknaden om utvida kapasitet knytt til Nordhordland Taxisentral.

I dag er det totalt 36 drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral, fordelt på 28 ordinære løyve og 8 reseveløyve. Det er for tida ingen ledige løyve.

Det vert lagt opp til at dei to reserveløyva Nordhordland Taxisentral har søkt om, skal kunngjerast ledig mellom løyvehavarane knytt til sentralen.

Hordaland fylkeskommune har i februar i 2018 avslått søknad frå Nordhordland Taxisentral om to reserveløyve. Sentralen meiner det ikkje er grunn til bekymring for at sentralen skal bli på for få hender, slik dei oppfattar er grunnlaget for avslaget. Styret i Nh Taxi gjer merksam på at det i dag er 22 løyvehavarar i Nordhordland, og meiner dette ikkje er «få hender». Det vert i i ny søknad til samferdselsavdelinga påpeika at det ikkje er sentralen sin intensjon at det ikkje skal koma nye løyvehavarar, men styret meiner det per i dag vil vera smartare trafikk- og kundemessig med to reserveløyve.

Nordhordland Taxisentral peikar i søknaden på at trafikksituasjonen er aukande i morgon- og ettermiddagsrushet, men at trafikken elles er stille. Taxisentralen ønskjer difor å auka kapasiteten med reserveløyve – bilar som kan tidsavgrensast, og ikkje fleire bilar som står stille rundt om på stasjonane. Det vert peika på at med reservebilar har sentralen moglegheit til å styra bilparken inn mot trafikktoppene, noko som gjer tilbodet til marknaden meir fleksibelt – i staden for å ha eit statisk tilbod anten trafikksituasjonen er travel eller roleg.

Nordhordland Taxisentral skriv i søknaden at to nye reserveløyve vil betra sentralen si avvikling av spesielt skulekjøring og kommunal kjøring om morgon og ettermiddag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Formannskapet i Radøy - 050/2018

FS - handsaming:

Ordfører Jon Askeland sette fram følgjande framlegg:

Radøy kommune støttar søknaden frå Nordhordland taxisentral om at det vert oppretta to reserveløyve i sentralen.

Formannskapet vedtok samrøystes framlegg sett fram i møtet.

FS - vedtak:

Radøy kommune støttar søknaden frå Nordhordland taxisentral om at det vert oppretta to reserveløyve i sentralen.

Vedlegg:

Drosjeløyve i Nordhordland - søknader

Søknad om 2 nye reserveløyver i Nordhordland Taxisentral